

Konsert med Raabygg

Laurdag 30. november kl. 19:00

Billettsal frå kl. 18:00

i Siddis-stova, Rektor Oldensgt. 17, Stavanger



**Etter konserten er det
«Fuglen»-samling
Billettpris: kr. 200,-**

Velkommen. Helsing BUL Stavanger

Raabyygg – ein trio du må høyre og oppleve.

Raabyygg består av tre musikarar med felles interesse for både hits og bortgøynde låtar frå Agder. Med hardingfeler, song og harpeleik tek dei fatt i gamle melodiar og arrangerer desse intuitivt.

Kjernereperstoaret til Raabyygg er folkemusikk frå Råbyggelaget, som er ei gammal nemning for dei indre bygdene på Agder. Musikken har eit stort spekter, og gruppa tek føre seg gangarar, springarar, brureslag, bånsullar og all slags runddans. I den eine augneblinken spelar gruppa forrykande rilar, medan dei i den neste syng ein dyster brureslått acapella.

Sjølv om kontrastane er store, ligg det heile tida ein raud tråd i historiane bak. For trass i at damene i Raabyygg byrja å spele saman på Majorstua i Oslo, då alle gjekk på Musikhøgskulen der, reiste dei ofte ut for å treffe dei gamle Agder-heltane. Gjennom fleire turar sørover har Raabyygg lært nokre av dei beste slåttane, og ikkje minst fått høyre dei artigaste historiene. Det er desse dei plukkar fram når dei står på konsertscena.

Under Landskappleiken i Vågå i 2016 vann dei Open klasse og fekk med det innpass i Den norske opera og ballett på meisterkonsert påfølgjande haust. I haust har dei vore på turne rundt omkring, både i Noreg og Tyskland

Johanne Flottorp – Hardingfele, vokal

Tuva Færden – Hardingfele, vokal, lyre

Sigrid Kjetilsdotter Jore – Harpeleik, vokal, munnharpe